

FK Vang	kr 51 000,-
Vang IL	kr 75 000,-
Tidlegløype på Filefjell	kr 400 000,-
Skateramp på VBU kommunale midlar)	kr 23 000,- (Her henter vi og kr 2000 i tillegg frå andre
Til saman	kr 600 000,-

Vurdering:

Her er innstillinga til prioritering og stønad til anlegg innafor idrett og friluftsliv i Vang i 2019.

1. Vang kommune har fornya søknad om stønad til Vangshallen/fleirbrukshall flate 25 m x 45 m. Anlegg nr 20867 (gamalt nr 0545000909) Dette er eit **ordinært anlegg**, som har **prioritet 1** frå Vang kommune innafor ordinære anlegg.

Vangshallen er behandla i formannskapet 3.sept. 2015 sak 025/15 og har prioritet 1.

2. FK Vang har ny søknad om stønad til utbedring av Klubbhus på Tveit stadion. Anlegg nr 45167. Dette er eit **ordinært anlegg** og Vang kommune sin innstilling er at formannskapet vedtek at klubbhuset får **prioritet 2** frå Vang kommune innafor ordinære anlegg.

Formannskapet i Vang behandla denne søknad frå FK Vang 4.desember 2018, men det er behov for ein justering av beløpet frå dette møtet. Vang kommune ønsker å bevilge kr 51 000,- til FK Vang for å restaurere klubbhuset på Tveit stadion. Saksbehandlar har funne inndecking for dette innafor rammene for løyving til anlegg for idrett og friluftsliv. Sjå elles vedlegg i saka frå møtet 4.desember.

3. Kvamskleivas vennert har ny søknad om stønad til rehabilitering av Kvamskleiva, som er ein del av Kongevegen over Filefjell. Anlegg nr 73745. Dette er eit **ordinært anlegg** og Vang kommune sin innstilling er at formannskapet vedtek at restaurering av Kvamskleiva får **prioritet 2** frå Vang kommune innafor ordinære anlegg. Stønad til Kvamskleivas venner på kr 51 000,- er vedteke i møtet til Vang formannskap 15.november 2018.
4. Vang IL har ny søknad om stønad til Mjøsvang aktivitetspark på Mjøsvang. Anlegg nr 44088. Dette er eit **nærmiljøanlegg** og Vang kommune sin innstilling er at formannskapet vedtek at aktivitetsparken får **prioritet 1** frå Vang kommune innafor nærmiljøanlegg anlegg. Stønad til Vang IL er inne i vedteken kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, og Vang kommune ønsker at formannskapet bevilger ein stønad på kr 75 000,- til utbetring av Mjøsvang aktivitetspark.
5. Vang kommune har ny søknad til utvikling av skatepark på Vang barne- og ungdomsskule. Anlegg nr 67575. Dette er eit **nærmiljøanlegg** og Vang kommune sin innstilling er at formannskapet vedtek at aktivitetsparken får **prioritet 2** frå Vang kommune innafor nærmiljøanlegg anlegg. Stønad til skatepark på VBU er inne i vedteken kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, og Vang kommune ønsker at formannskapet bevilger ein stønad på kr 25 000,- til skateparken. Dette er i samsvar med stønad som er i Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2019-2022 som er bevilga 14.desember i Vang kommunestyre.

Framlegg til vedtak:

Vang kommune sin prioritering til fylket med tanke på fordeling av spelemidler:

Ordinære anlegg:

1. Vangshallen
2. FK Vang – klubbhus på Tveit
3. Kvamskleivas venner – restaurering i Kvamskleiva

Nærmiljøanlegg:

1. Vang IL – aktivitetspark på Mjøsvang
2. Vang kommune – skatepark på VBU.

Framlegg til vedtak til stønad til anlegg for idrett og friluftsliv i Vang kommune:

1. FK Vang får kr 51 000,- til utbetring av klubbhus på Tveit stadion.
2. Vang IL får kr 75 000,- til aktivitetspark på Mjøsvang.
3. Vang kommune bruker kr 25 000,- til skateramp på VBU.

Formannskapet 31.01.2019:**Behandling:**

Saksbehandlar Oddbjørn Skeie var tilstades, orienterte og svarta på spørsmål

FS- 003/19 Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.

Habilitet:

Leif Solemsli stilte spørsmål om eigen habilitet idet han er med i Kvamskleivas Venner som er søkjar/ tiltakshavar i saka. (Han forlet møtet under behandlinga av spørsmålet.)

Vedtak: Leif Solemsli har ingen personlege interesser i saka som kunne gjort han inhabil etter §6, 2. ledd i forvaltningslova. Han er habil i saka. Samrøystes.